

Jobbnorge ID: 167939
Deadline: 4/28/2019
Website: <http://www.muho.no/>
Scope: Fulltime
Duration: Season

Om Museumssenteret i Hordaland

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MuHo) driv bevaring, forskning, undervisning og formidling av kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie, migrasjon og kulturmøteproblematikk. MuHo utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland

MuHo består av fleire museum i Hordaland og har tre avdelingar; Norsk Trikotasjemuseum, Bevaringstenestene, og Nordhordlandsavdelinga der du finn Havrå, Osterøy museum, Lyngheisenteret og Vestnorsk utvandringssenter.

No treng vi sommarvikarar til fleire av våre museum, og søker deg som vil jobbe som guide/omvisar og deg som vil jobbe med vedlikehald.

Fleire spennande sommarjobbar som guide og bygg/vedlikehald

Sommerjobber: guide og bygg/vedlikehold

Omvisar på Havrå

Havråetunet er eit freda klyngetun som ligg på Osterøy. Vi forvaltar ein unik kulturarv, og driv forskning og dokumentasjon av gammalt landskap, arbeidsmetodar, reiskap, dyr og plantar.

Havrå søker no omvisar for sesongen 2019. Det er omvising kvar søndag frå juni til september. I skolens ferie er det også omvising kvar tysdag og onsdag, andre tider etter avtale.

Vi søker deg som er fleksibel, utåtvendt og likar å formidle fagkunnskap på ein forståeleg måte. Du likar å vere i lag med andre menneske og er interessert i historie og kulturlandskap. Du beherskar norsk og engelsk, og gjerne tysk eller andre språk. Du har gjerne ein fagleg bakgrunn innan biologi, landbruk eller kulturminnevern.

Opplæring vil bli gitt.

Omvisar Lyngheisenteret

Alle som besøker museet får tilbod om ein guida tur i det unike kulturlandskapet på Lygra, som vi forvaltar slik dei har gjort i fleire tusen år. Nokre gonger har vi tilbod om aktivitetar som du må leia. Du skal òg ta imot publikum, vere med i drifta av kafeen og museumsbutikken.

Vi ønsker å knytte til oss personar som likar å formidle fagkunnskap på ein forståeleg måte. Du likar vere i lag med andre menneske og å jobbe med born. Du er interessert i historie og kulturlandskap. Du beherskar norsk og engelsk, og gjerne tysk eller andre språk.

Arbeidstid: søndagar mellom kl. 11-17, frå jonsok og ut august. Du vil få moglegeheit til å jobbe ekstra både vekedagar og kveldstid, og vi ønsker å deg som vil jobbe ved Lyngheisenteret i fleire år framover.

Du vil få grundig opplæring

Bygg og vedlikehald på Norsk Trikotasjemuseum

Norsk Trikotasjemuseum forvaltar det spennande nasjonale industriminnet Salhus Tricotagefabrik og museet har særleg ansvar for historia til den norske tekstilindustrien. Fabrikkanlegget er på Riksantikvaren sin Bevaringsliste for tekniske industrielle kulturminne.

Vi treng deg som likar å jobbe praktisk med utvendig vedlikehald av bygningar. Oppgåvene er mellom anna vasking, skraping og måling, samt anna vedlikehaldsarbeid. Noko arbeid vil bli utført frå stillas.

Du må være over 18 år. Arbeidstid: dagtid vekedagar, kl. 7.30- 15.00 frå juni til august..

Omvisar på Norsk Trikotasjemuseum

Hovudutstillinga er fabrikanlegget, men vi har òg et galleri med skiftande utstillingar. Forutan utstillingar har vi ein museumsbutikk og kafé.

Vi trenger deg som liker å være sammen med andre menneske og som liker å formidle fagkunnskap på en forståeleg måte. Du vil jobbe sammen med andre formidlarar, guidar eller kafévertar. Arbeidstid er i hovudsak på dagtid vekedagar og søndagar, men det kan førekomme kveldsarbeid når vi tar imot grupper utanom opningstid.

Du må kunne beherske norsk og engelsk munnleg. Du er imøtekommande, sjølvstendig, fleksibel, og du synes det er ok å bake kaker og ta oppvasken ved sidan av å guide publikum. Vi kan love deg ein spennande sommarjobb på eit unikt museum, der du blir ein del av en fin gruppe formidlara og guidar. Arbeidstid: vekedagar og søndagar som inngår i en vaktplan frå og med mai/juni til og med ut september.

Du vil få grundig opplæring.

Spørsmål om stillingane

- Havrå: Marit Adelsten Jensen, leiar. E-post: Marit.Jensen@muho.no. Tlf: 95914742
- Lyngheisenteret: Torhild Kvingedal, leiar. E-post: Torhild.Kvingedal@muho.no. Tlf: 95158756
- Norsk Trikotasjemuseum: Ann Kristin Ramstrøm, leiar. E-post: annkristin.ramstrom@muho.no. Tlf: 98867180

Vi tilbyr

- Vi tilbyr spennande sommarjobbar på unike museum, godt arbeidsmiljø og varierte oppgåver.
- Lønn etter tariff

Våre verdiar er likeverd, openheit, kompetanse og engasjemet, og vi søkjar deg som kan identifisere deg med desse verdiane.

Additional information

Place of service:

Salhusvegen 201 5107 Salhus (Bergen Municipality)